



Sund Sokneblad

Nr. 1

9. februar 2022
Årg. 91



Avskjed med soknepresten

Avskjedsgudstenesta for Kjell-Asle Børnes var i Sund kyrkje 1. januar. Ikkje alle som ville kunne koma i kyrkja grunn koronarestriksjonar, men Kjell-Asle fekk med seg fleire helsingar med takk for det han har utretta i Sund når han no er på veg til ny jobb som prostiprest i Vesthordland.

side 4-5

LYS VÅKEN

Rundt 1. søndag i advent i 2021 var det Lys Vaken i Sund kyrkje. 12-åringane overnattet i kyrkja natt til 1. søndag i advent og var med på gudstjenesta på søndagen.

side 6-7

Han som låg i krubba

I første del av desember hadde prost Jan Tommy Fosse den siste av fem undervisningskveldar for vaksne sist haust. Han snakka om han som låg i krubba.

side 8

Julegudsteneste

Det vart gjennomført julegudstenester både i Kausland kyrkje og i Sund kyrkje på julafesta. Vi var til stades i Kausland kyrkje som grunna koronarestriksjonar ikkje var fullsett.

side 9

Myldredag på Kausland

Ein gong i månaden er det myldredag i Kyrkjelydshuset på Kausland der både barn og vaksne kan vera med.

side 8

Føremiddagstreff

Både ein professor emeritus og ein P7-pastor har besøkt Føremiddagstreffet sidan førre sokneblad.

side 3 og 9

Pastoralt perspektiv

Frivillighetens år 2022

2022 er frivillighetens år i Norge. Gjennom hele året skal det i mange ulike sammenhenger markeres hvor viktig frivillighet og frivillig innsats er for samfunnet vårt. Målet med året er å anerkjenne og feire frivillig innsats, og skape rom og mulighet for flere til å engasjere seg. Året vil markeres i alle deler av samfunnet, og du finner mer informasjon på nettsiden www.frivillighetensar.no. I kirken er vi gode på frivillighet, og kirken vil ikke eksistert uten at mennesker engasjerer seg frivillig. Kirkens selvforslælse er at den er et fellesskap av mennesker som deler tro. Og enten vi samles til gudstjeneste eller andre typer arrangement, er kirken mennesker som på ulike måter gir av sine evner, egenskaper og nådegaver til fellesskapets beste. Og det er en helt grunnleggende tanke at her skal det være plass og rom for alle.

I 1. Korinterbrev kapittel 12, skriver Paulus om nådegavene i menigheten. Han bruker bildet om kroppen som er én, men med mange ulike deler. Og på samme måte er vi, invitert til å bidra i ulike oppgaver for og i fellesskapet. «For kroppen består ikke av én kroppsdel, men av mange.» 1.Kor 12,14. Delene hører sammen og utfyller hverandre, og alle trengs for at fellesskapet skal være helt.

Jeg blir glad når jeg ser alt det fantastiske frivillige arbeidet som legges ned i menighetene våre. En stor takk til dere som stiller opp – dere gjør en uvurderlig innsats. Uten dere, ingen kirke. Tusen takk! Og så utfordres vi dette året til å jobbe med frivillighet, og til å se om det er nye og andre måter som kan bidra til at vi engasjerer enda flere i kirkens arbeid.

I Bjørgvin bispedømme har en arbeidsgruppe jobbet fram en rettleder om frivillig tjeneste i menighetene. Den har overskriften «Våge, tru og bevege», og er ment som inspirasjon og hjelp til menighetens arbeid med frivillighet. Hvis du er interessert, finner du den på bispedømmets hjemmesider: www.kyrkja.no/bjorgvin. I forordet skriver biskop Halvor Nordhaug: «La kyrkja vår vere ein bevegelse, ei rørsle, som bevegar folk og rører ved folk, og slik formar eit samfunn og ei kyrkje som står seg i tidene som kjem. For kyrkja høyrer alle til. Kyrkja er di. Kyrkje er mi. Kyrkja er vår. Saman skaper vi noko nytt!»

Rettlederen utfordrer oss til å tenke litt nytt om frivillighet. I kirken er vi gode på å gi folk oppgaver som prest, stab eller sokneråd ser at det trengs hjelp til. Men kanskje kan vi i tiden fremover jobbe litt med å se hvordan mennesker i nærmiljøet kan få bruke sine interesser og evner i frivillig tjeneste for fellesskapet? Litt enkelt sagt begynne å spørre om det er noe du er god på og som du har lyst til å dele, som du kunne tenke deg å bidra med i kirken. Og på den måten gi rom og plass også for dem som ikke har lyst til å bidra inn i de forhåndsstøtte oppgavene. Kanskje kan noen sågne spørsmål gjøre at flere rekrutteres til frivillig tjeneste

Framhald neste side

Velkommen til gudsteneste

13. februar - Såmannssøndag - Matt 13,24-30

KAUSLAND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/Jan Tommy Fosse. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Bibelskapet

20. februar - Kristi forklaringsdag - Luk 9,28-36

SUND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/Michal Møgster. Dåp og Nattverd. Takkoffer: CUBA

27. februar - Fastelavnssøndag - Luk 9,28-36

KAUSLAND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/Harald Forland. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

06. mars - 1. søndag i fastetida - Matt 26,36-45

SUND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/Harald Forland. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

13. mars - 2. søndag i fastetida - Luk 13,22-30

KAUSLAND kyrkje kl. 11.00 Bønevandringsgudsteneste v/Jan Tommy Fosse. Nattverd. Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet

20. mars - 3. søndag i fastetida - Luk 22,28-34

SUND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/Michal Møgster. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Bibelskulen, Bildøy

27. mars - Maria Bodskapsdag - Luk 1,39-45

KAUSLAND kyrkje kl 11.00 Gudsteneste v/Harald Forland. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Gideon

03. april - 4. søndag i fastetida - Joh 6,23-36

SUND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/Jan Tommy Fosse. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet

10. april - Palmesøndag - Joh 12,1-13

KAUSLAND kyrkje kl. 11.00 Familiegudsteneste v/Kjell-Asle Børnes og Dag R. Pettersen. *Påskevandring*. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet

- Når det står 'Dåp' betyr det at det er *høve* til å ha dåp
- Det er som oftest kyrkjekaffi, men ikke alltid dersom lokala er utleigde
- Endringer i lista kan skje. Sjå gudstenestekunngjering i fredagsavisa av Vestnytt

P7-pastor om den nødvendige krossen



Radio- og TV-pastoren i P7, Ingvald Kårbo, besøkte Føremiddagstreffet i Kausland kyrkjelydshus 26. januar. Kårbo bur i besteforeldra sitt hus i Blomvågen med kone og eit 8 månader gammalt barn. Han har tittelen pastor, men nokon vil kalle han ein emisær.

Viktig for han var det i alle fall å fortelja om Jesus, og denne gongen galdt det å fortelja kor viktig krossen er. - Vi har på ein måte eit distansert forhold til krossen, meinte han, dette kunne også gjelda for kristne. - Vi tenkjer kanskje ikkje så mykje på at vi trur på ein som vart krossfesta.

Kårbo siterte også frå Bibelen for å visa at Paulus ikkje ville vika frå bodskapen om krossen. Den måtte stå fast. «For

ordet om krossen er dårskap for dei som går fortapt, men for oss som blir frelste, er det Guds kraft», som han skriv i 1 Kor. Her viser han også til at jødane, dei skriftlærde, kravde teikn medan grekarane kravde visdom for at dei skulle tru. - Vi må vera klar over at det ikkje er teikn som viser om Gud er Herren. «Gud er Gud, om alle land lå øde, Gud er Gud, om alle mann var døde», som det heiter i ein kjent song.

- Om bønesvaret er taust, så ropar krossen, meinte Ingvald Kårbo. - Den er sann, til å stola på. Ordet om krossen viser oss Guds kjærleik og alvoret og realitetten i vår synd. Det var viktig at den måtte betala.

Olai Otterå

Radio- og TV-pastoren Ingvald Kårbo i P7 besøkte føremiddagstreffet i Kausland kyrkjelydshus siste onsdagen i januar.

Frivillighetens...

Framhald frå førre side

i kirken?

Frivillighetens år gir oss en gylden anledning til å ha et ekstra fokus på frivillighet i vår sammenheng. Som fellesskap utfordres vi til å se stort på alt det flotte som allerede skjer, og samtidig jobbe med hvordan vi skal utvikle det videre. Som enkeltpersoner utfordres vi til å bli med på dugnaden, til å bidra med noe vi kan til beste for fellesskapet. Det er bruk for alle - slik at vi sammen skaper en levende og nærværende kirke i vårt lokalmiljø. Og, frivillig innsats er ikke bare godt for fellesskapet, det er vel så godt for den som bidrar.

Ønsker dere alle et godt frivillighetens år 2022, og velkommen som frivillig i kirke og menighet.

Jan Tommy Fosse

Prost i Vesthordland prosti



Harald Forland på si første gudsteneste i Sund kyrkje.

Vikar til påske

Den pensjonerte soknepresten i Erdal kyrkje på Askøy har teke på seg å vikariera i Sund sokn fram til påske etter at Kjell-Asle Børnes frå nyttår slutta som sokneprest i Sund og gjekk over til å vera prostiprest i Vesthordland prosti. Søndag 9. januar hadde Forland den første gudstenesta si i Sund kyrkje.

Harald Forland kjem eigenleg frå Gloppe, men bur no på Erdal. Han fortalte at han hadde mange slektingar og aner i Sund, der etternamnet hans kjem frå.

Olai Otterå



Kjell-Asle Børnes bak altaret i Sund kyrkje då han hadde avskjedsgudstenesta si der 1. januar.



Roy Vorland song på avskjedsgudstenesta, noko som Kjell-Asle ikkje visste om. Mellom songane var «You'll never walk alone», som m.a. er songen til Liverpool, kanskje favorittlaget til Kjell-Asle.



Ole Christian Ottestad bidrog med saksofonmusikk.

Avskjedsgudsteneste for Kjell-Asle Børnes

Kjell-Asle Børnes slutta som sokneprest i Sund sokn ved årsskiftet etter vel 8 år i denne jobben. 1. nyttårsdag var det avskjedsgudsteneste for han i Sund kyrkje der også prost Jan Tommy Fosse var med.

Første del av gudstenesta tok Kjell-Asle Børnes seg av slik han har gjort så mange gonger. I preika peika han på at lyset fra krubba, krossen og ei tom grav lyser over framtida. Mørket må vika i møtet med lyset. Slik også med Verdens Lys.

Kjell-Asle fekk seg ei overrasking i denne gudstenesta då Roy Vorland dukka opp og song fleire songar, m.a. «You'll Never Walk Alone» som ofte blir knytta til fotballaget Liverpool, eit av Kjell-Asle sine favorittlag etter det vi har forstått. Også Ole Christian Ottestad bidrog musikalsk med sin saksofon.

I andre del av gudstenesta var det prost Jan Tommy Fosse som overtok og leia handlinga i nattverden.

Etter gudstenesta vart Kjell-Asle Børnes takka for det arbeidet han har lagt ned som sokneprest i Sund dei siste godt og vel 8 åra. Soknerådsleiar Svein Myklebust framheva dette. Han peika på at Kjell-Asle hadde vore ein far for dei som sit i soknerådet, og han hadde bore ei bør i samanslåingsprosessen.

Prosten fortalte om eit besøk i ei bygd i Sund der han snakka med nokon som hadde fått vita at Kjell-Asle skulle slutta. «Kva skal vi gjera no?» lurte dei på. Prosten syntest det hadde vore kjekt å bli kjent med Kjell-Asle, hans ro og omsorg for kollegaer. (Men han får jo mykje å gjera med Kjell-Asle også vidare når han går over til å vera prostiprest.)

Frå prosten vanka det elles ein blomsteroppsats. Etterpå var det kyrkjekaffi i benkane (vart gjort slik grunna korona). Her fekk alle servert kaffi og kaker.

Ola Otterå



Soknerådsleiar Svein Marius Myklebust takka Kjell-Asle Børnes for alt han hadde fått gjort den tida han hadde vore sokneprest i Sund.



Kjell-Asle Børnes fekk overrekt ein blomsteroppsats av prost Jan Tommy Fosse.



Etter gudstenesta var det kyrkjekaffi, men koronareglene gjorde at alle måtte sitja på plassane sine og venta på bli servert kaffi og kaker.

LYS VÅKEN



Frå laurdag 27. november til søndag 28. november var 16 livlege og flotte 12-åringar samla i Sund kyrkje til årets Lys Vaken.

Lys Vaken er eit trusopplæringstiltak som fram til no har vore for alle 11-åringane i soknet som vil vere med, men fordi korona-situasjonen gjorde at vi måtte avlyse i fjor, justerte vi i år Lys Vaken opp til 12 års alder, for å få med oss dei som ikkje fekk vera med i fjor. Vi vil halde fram med å ha Lys Vaken for 12-årinagen vidare.

Lys Vaken dreier seg om å overnatte i kyrkja natt til første sundag i advent. Gjennom bibelforteljing og «stasjonsvandring», førebuing av gudsteneste og lystenning er tema for Lys Vaken nettopp «Lys» og det å vere vaken: Gud sør aldri, men er alltid vaken og passar på oss. Og viss vi er vakne for at han vil fortelje oss noko, kan det godt vere vi får høre frå Gud vi også! Så kan vi som fellesskap også vere vakne overfor kvarandre – sjá, ta vare på og inkludere kvarandre.

Dette vil Jesus hjelpe oss med, han som Bibelen kallar «Det sanne lyset».

Forteljinga vi fekk høre frå Bibelen, handla om tweens-guten Samuel som overnatta i si kyrkje for lenge, lenge sidan. Samuel fekk oppleve at Gud såg han og tala til han. Og at Gud var interessert i å ha han med på laget sitt!

Det var ein herleg, glad og positiv gjeng vi fekk bli kjent med desse dagane, og gjennom måltidsfellesskap, aktivitar, leikar og spel og ein forfriskande tur til lavvoen, bål og kakao hadde vi det supergøy! Vi fekk ei stemningsfull avslutning på dagen med levande lys, godnatt-forteljing og overnatting i det store kyrkjerommet.

På søndagen var tweensa med og laga til gudsteneste med song, lesing av bøner og bibeltekstar, praktiske oppgåver og pynting av kyrkjerommet.

Dette vart ei fin oppleving for både deltagarar og leiarar! Og det var tydeleg at tweensa fekk oppleve at dei har ein plass i kyrkja vår.


Dag Reidmar Pettersen
Kyrkjelydspedagog





Over: Lys Vaken-deltakarane på veg inn til gudsteneste i Sund kyrkje. Til høgre: To av deltakarane tenner det første adventslyset. Under: Ein del av Lys Vaken var forsongarar i gudstenesta. Under t.h.: Ein frå Lys Vaken les ein bibeltekst.

FOTO: OLAI OTTERA



Myldredag på Kausland

Så kjekt å koma på myldredag og få leika, prata og ha det litt sosialt. Vi sit oss ned rundt småbord og kosar oss med kjøttbollar og ris med diverse tilbehør. Godt å koma til ferdig middag. Kokken er Sølv Kausland som er ein av dei som trufast tar eit tak. Litt pikekyss og pepperkaker og ein kaffikopp til dessert smakar godt.

Borna set seg i ein halvsirkel og vi les ei forteljing om kor dyrebar den enkelte av oss er, skapt akkurat slik vi skal vera og elskar og villa av Gud. Ein bodskap både vaksne og born treng å bli minna på. Vi syng til Irinas vakre pianotonar samt eigne rytmeinstrument før vi går i gang med dagens aktivitet: å gjera blanke glas om til vasar, lykter eller «boksar» ved å lime. Mange moglegheiter og stor kreativitet der alle kan finne fargeark, klistermerker og bilder som dei kan lime på med decoupage-lim. Her er det konsentrasjon og skaperglede og fine resultat. Men tida går fort og etter at vi saman har rydda og ordna syng vi velsignelsen og gler oss til neste gong vi møtest, kanskje kjem det nokre nye også..? Alle er velkomne.

Hildegunn B. Myklebust

Ynskjer du informasjon om myldredag, eller å bli med?

Ta gjerne kontakt med Hildegunn B. Myklebust, mobil 45516360, eller e-post: hm849@kyrkja.no

Under: Fint å kunne gjera ting tilag: Tre generasjoner på myldredag. Mormor Hildegunn, mor Merethe, Kasper og Othilie.



Alisa og Elena er i gang med å pynte glasa sine.



Vaksenopplæring om han som låg i krubba



Prost Jan Tommy Fosse snakka om han som låg i krubba.

Kven var han som låg i krubba? Det var spørsmålet som Jan Tommy Fosse skulle svara på i den femte og førebels siste kvelden med trusopplæring for vaksne i byrjinga av desember.

Deltakarane på kurset fekk spørsmål om kva det første var som dei tenkte på når dei høyrrer namnet Jesus. Jesus i krubba, Godlek, Jesus på krossen og Låg med høy til pute. Dette var nokre av svara.

Jesus er ein viktig person - ein å strekkja seg etter, også for dei som ikkje trur. Heile jordas befolkning forheld seg til Jesus, meinte Fosse.

Han hevda òg at folk flest meiner at Jesus er reell, at han fantest. Men kva betyr Jesus for oss i dag? Er han ein mislukka jødisk opprørar, eit viktig etisk ideal, eller ein endetidsprofet som klarte å få folk til å gjera det gode?

Fosse peika på at evangelia er ulike når det gjeld forteljinga om Jesu fødsel. Matteus reknar først opp ei ættetavle tilbake til David, for det var forventningar om ein konge som skulle koma frå Davids ætt. Markus har inga forteljing om Jesu fødsel. I Lukas finn vi juleevangeliet.

Johannes er ikkje interessert i det fysiske ved Jesu fødsel. Han nemner berre at ordet blei menneske og tok bustad iblant oss. Fosse meinte at desse ulike forteljingane utfyller kvarandre og viser ulike sider.

I Det gamle testamentet er det mange profetiar om kva som skulle koma. Fosse trekte fram fleire stader hos profeten Jesaja. «Difor skal Herren sjølv gje dykk eit teikn: Sjå, den unge jenta skal bli med barn og føda ein son» som det står i kap. 7. Og i kap. 9: «For eit barn er oss fødd, ein son er oss gjeven. Herreveldet er lagt på hans skulder. Han har fått namnet Underfull rådgjevar, Veldig Gud, Ewig far, Fredsfyrste.»

Jesus spurde lærersveinane kven dei meinte at han var. Peter svara at han var Messias, Guds son. Då Jesus vart døypt, kom det ei due og ei røyst som sa: «Du er sonen min.»

Jesus hadde menneskelege begrensingar, men han var samstunes Guds son, verdas Frelsar. Det var Gud som valde å bli som oss for å visa seg for oss. Barnet i krubba er Gud sjølv, avslutta Fosse.

Ola Otterå

Egil Morland på Føremiddagstreffet: - Kanskje kyrkja må gje beskyttelse for dei kristne?

Egil Morland var tilbake i Klokkarvik der han arbeidde som sokneprest på 80-talet. Denne gongen besøkte han Føremiddagstreffet i Kyrkjekjellaren.

Morland meinte det er vanskelegare å vera kristen enn muslim i våre dagar, og difor lurte han på om kanskje kyrkja burde gje beskyttelse for dei kristne. - Realitetane er, meinte han: - Vi lever i ei etterkristen tid!

Som kjent har Morland jobba på Lærarakademiet i Bergen, og han kunne fortelja at mange av lærarstudentane ikkje kjenner til forteljinga om den miskunnsame samaritanen. - Det er forskrekkeleg kor lite barna får med seg av kristendom frå skulen. Og på kyrkjemøtet

går det tilbake på alle variablar, hevda han. - Vi må begynna med søndagsskular i alle bygder!

Dette føremiddagstreffet i Klokkarvik var i november, og tankane gjekk mot jula. - Kva har vi att dersom vi tar englane ut or juleevangeliet, undrast Morland. Jula kjem til alle, og advent er ei førebuingstid. Jesus måtte bli menneske for å tena menneska. Også Paulus bruker forteljinga om Kristus når han skal få folk i Korint til å samla inn pengar til dei fattige i kyrkja.

Egil Morland avslutta som han begynte: Det er veldig risikofylt å vera kristen verda i dag. Men vi må ikkje klaga.

Ola Otterå



Egil Morland på det siste føremiddagstreffet i 2021.

Julegudsteneste i Kausland kyrkje



Kjell-Asle Børnes ved altaret i Kausland kyrkje medan Anne Grete Hareide les ein bibeltekst.



Aslaug Ottestad og Henrik Falang spelte på begge gudstenestene på julafesta.

På julafesta var det som vanleg to julegudstenester i Sund sokn, først ei i Kausland kyrkje og så ei i Sund kyrkje. Det var Kjell-Asle Børnes som hadde begge gudstenestene.

Det var heller ikkje dette året så mange som var i kyrkja på julafesta, for også denne gongen var det koronarestriksjonar som galtdt og avgrensa tilgang til kyrkjene. Men dei som hadde funne vegen til kyrkja

fekk med seg juleevangeliet, julesangar og jamvel fin musikk frå Aslaug Ottestad og Henrik Falang på sine instrument. Dei spelte både i Kausland kyrkje og i Sund kyrkje.

Kjell-Asle Børnes peika i preika si på at i jula feirer vi at Gud er liten, ikkje at han er stor. Han bleit liten for at Han skulle kunna berga alle og bli Ewig Far og Fredsfyrste. Han sende oss altså ikkje eit julekort frå

Himmelen, Han sende sonen sin.

Guds ønske er at alle seier ja til han, var litt av det Kjell-Asle Børnes peika på.

Så var det å reisa seg frå benkane og gå ut av kyrkja og til julefeiring rundt om i heimane.

Ola Otterå

A photograph of a man wearing a red and black baseball cap and an orange jacket, looking down at a young boy. The boy is wearing a white beanie and a dark jacket over a blue shirt with a logo. They appear to be outdoors in a natural setting.

**Har dere rom for en til i familien?
Nå er det behov for flere fosterhjem
i ditt nærområde.**

Det er mange trygge, gode familier med stor evne til omsorg i Bergensområdet. Har dere plass til en ekstra rundt middagsbordet? Kan dere gjøre en forskjell i livet til et barn eller en ungdom? Den norske kirke samarbeider med Fosterhjemstjenesten i Bergen om å finne fosterhjem. Ta kontakt for mer informasjon om hva det vil si å være fosterhjem. Det er helt uforpliktende. Les mer på fosterhjem.no

Illustrasjonsfoto

Frå 4. klasse og oppover!

Vil du bli med på klubb?

Betweens-klubben

Vi leikar, har ulike aktivitetar, lærer frå Bibelen, et kvelds saman. Du og venene dine er velkommen til å bli med!

Vi møtest:

15. februar, 22. mars, 26. april og 24. mai

Kontaktpersonar:
Hildegunn B. Myklebust - 455 16 360
Irina Tarasova - 474 50 606

I Kyrkjekjellaren, Sund kyrkje
frå kl. 17.30 til 19.30.

Lousongskveld

i Sund kyrkje
søndag 27. mars kl. 18.00

Det blir ein
**felles familie-
avslutning 26. mai ved
Sund kyrkje klokka 13.00!**
For alle som er med i barne-
og tweensarbeidet. Diverse
program, og avslutning
med ein minikonsert.

Programmet er med forbehold av Covid-19 og smittevern

Strikkekafè

i Sund kyrkje

Tysdag 8. februar
Tysdag 22. februar
Tysdag 15. mars
Tysdag 29. mars

kl. 17.30-19.30

Ein plass kor du kan vere sosial, strikke eller gjere handarbeid med andre.

Vi stiller med enkel servering, strikkemønster, pinnar, garn, ein viss kompetanse innan handarbeid, og vi gler oss til å vere saman med deg nokre kveldar denne vinteren/våren.

Kontaktperson: Tone Hatlelid tlf. 452 77 055

Middag bibelfortelling aktivitetet song

MYLDREDAG

for heile familien - besteforeldre også!

Kyrkjelydshuset på Kausland: 16. februar, 23. mars, 20. april, 11. mai

Kyrkjekjellaren i Sund kyrke: 8. mars, 5. april, 3. mai

Kontaktperson: Hildegunn B. Myklebust 455 16 360

Kontaktpersonar: Hildegunn B. Myklebust - 455 16 360
Irina Tarasova - 474 50 606

Føremiddagstreffa

Føremiddagstreffa held fram, vekselvis i Kausland kyrkjelydshus og i Kyrkjekjellaren. Det blir som vanleg servert lunsj før ein gjest slepp til og snakkar om eit emne.

Følg også med i kunngjerings og i VestNytt.

*Bli med på desse treffa,
og ta gjerne nokon med deg!*

23. februar - Kyrkjekjellaren kl. 11.30

Gjest: Prost Jan Tommy Fosse
Emne: Arbeidet i Sjømannskyrkja

30. mars - Kausland kyrkjelydshus kl. 11.30

Gjest: Alvhild Vassel Eide
Emne: Misjon

27. april - Kyrkjekjellaren kl. 11.30

Gjest: Torbjørn Fjøren
Emne: Førebels ikkje avklart

25. mai - Kausland kyrkjelydshus kl. 11.30

Gjest: Bjørn Sæle
Emne: Per Sivle

HEDER | **SOLSTRANDS BEGRAVELSESBYRÅ**

Vårt avdelingskontor på Sotra
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume

Telefon 55 55 16 16 - hele døgnet
www.solstrands.no
Vår erfaring - din trygghet

VIRKE GRAVFERD

Sotra Omegn
BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet
Skjenet 4, 5353 Straume
(samme hus som Ligningskontoret)



GRAVMINNEN

Løvaas Naturstein

Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen
Man-fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.
www.lovaasnaturstein.no

Bergen & Omegn
BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden



Espen Polden



Heine Polden



Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no



AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
2. etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50



Om du har lyst til å få ordnet på neglene på både hender og føtter, få fikset på vippene og håret, kan dere besøke den nylig åpnede salongen!



Redas Neglestudio

Reda Zideliuniene

Tlf: 46392022

Negledesigner
Lensmannsvegen 17B.
5378 Klokkarvik

Epost: redapukelis@gmail.com
Facebook: Redas neglestudio

DITT LOKALE SENTER

- Det du treng - der du bur!

SUND SOLSTUDIO

 KLEPSVIK & SØNN[®]

Tlf. 56 33 74 44



PALMA PIZZA

Tlf. 56 33 92 78

KIWI mini pris

Tlf. 56 33 74 93

Marmic
Klær og interiør
 homestore.no
Tlf. 53 50 28 50 / 485 16 080


Sund Senter
Blomster
Tlf. 56 33 90 13

APOTEK 1

Tlf. 56 32 50 45

Sund Hårstudio

Tlf. 56 33 70 70

BRANSJE: INTERIØR OG TEKSTIL - BLOMSTER - DAGLEGVARER
JERN- OG FARGEHANDEL - FRISØR - APOTEK
KAFETERIA - MINIBANK - SOLSTUDIO

Likar du å synge?

Vil du bli med i kor?

Vi har to kor som øver i Sund kyrkje annankvar tysdag!

STJERNEKORET

er for deg som er mellom 4 og 9 år.

Vi møtest frå klokka 17.30-18.30.

BETWEENSKORET

er for deg som går i 4. klasse og oppover. Vi øver frå 18.30-19.30.

Begge kora øver:

8. februar, 22. februar
15. mars, 29. mars
19. april
10. mai, 31. mai

Kontaktpersonar:

Irina Tarasova, mobil: 474 50 606 og
Hanne Katrine Boga, mobil: 922 37 453

Vil du vere med?

Har du lyst å vere med som frivillig i Sund kyrkjelyd?

Har du eit ønske om å ta del i teamarbeidet rundt ei gudsteneste?

Når vi feirar gudsteneste i kyrkjelyden, er det ulike frivillige oppgåver du kan få vere med på:
klokkaroppgåver,
kyrkjevertoppgåver eller
kaffivertoppgåver.

Vi vil gjerne ha deg med!

Ta kontakt med diakonen vår, Hildegunn, så fortel ho deg meir om kva dei ulike oppgåvene går ut på.

Ho kan nåast på mobil
455 16 360 eller på e-post:
hm849@kyrkja.no

Tid for å så, i februar?

Dei siste vekene har det vore mykje regn og gråvær. Lite vinter og snø, og ikkje mange dagar av gongen. Eg er glad i å gå på ski, men eg har sett skia på vent og har funne fram sykkelen. Så får vi sjå kva som byd seg. Uansett går det mot lysare tider. Snart er det vår. Og mange startar vårabediet tidleg. Dei sår frø i potter og kar inne, gjerne på eit bord ved eit vindauge vendt mot sør og sol. Snart spirer frøa og det første vesle skotet av ein grøn plante skyt opp. Og når våren kjem, kan plantane setjast ut i hagen. Der skal dei fortsette å vekse og blomstre som ein del av Guds gode skaparverk.

I februar feirar vi Såmannssøndag i kyrkja, same kva slags vær det blir. Denne søndagen fortel at Guds rikes såkorn har stor spirekraft. Når frø og såkorn er lagt i jorda, skjer det eit Guds under vi ikkje kan forklare: Det minste frø gir stor vekst. Jesus samanliknar Guds rike med sennepsfrøet. Når det blir sådd er det mindre enn noko anna frø. (Markus 4, 30-32) I ein fotnote i Bibelen står det: Sennepsfrøet er svært lite, det går opptil 760 frø på eitt gram, men treet frå frøet kan bli over 2 meter høgt. Kven skulle

trudd det? Underet skjer når det ørvesle frøet blir lagt i jorda. Med andre ord, der Guds rikes såkorn blir sådd, og får spire og vokse, skjer ein uventa, stor vekst! Om snøen lavar ned på såmannssøndagen, lat oss hugse at Ordets såkorn også kan spire i frosne og kalde hjarte.

Frøet og såkornet i Guds rike er ordet om livets og kjærleikens Gud. Det er Jesu ord om kven han er og det han har gjort for oss då han døydde og stod opp. Frøet er

Andakten

ordet som seier at Jesus er midt i blant oss med sin nåde og fred når vi er samla i hans namn. Såkornet blei først sådd ut i landa rundt Middelhavet. Jesu læresveinar begynte arbeidet. Det såg ganske smått ut, men frø og såkorn spirte og gav vekst og evangeliet spreidde seg til stadig nye land og folk, også til landet vårt. I dag gir Guds gode såkorn liv og håp til menneske over heile verda. Såmannssøndagen kallar vi også Bibeldagen. Vi kan vere med og støtte arbeidet med å gje biblar til folk i mange land der det å lese i ein Bibel slett ikkje

er sjølvsagt. Mange ventar på evangeliets såkorn. Eit lite frø sådd ut til menneske gjev stor og uventa vekst igjen og igjen.

Så kan vi også undre oss over korleis Ordets såkornet spirer og veks i våre liv. Vi kan oppdage noko nytt når vi ser tilbake på erfaringar og hendingar med eit ope sinn vendt mot Gud. Geir Gundersen har ofte hatt andaktar i radioen. Han seier: Eg ser tilbake i tru og stansar særleg ved tider som var tunge og harde. Kva eg oppdagar? At Gud førte meg heile vegen mot målet eg ikkje kjende. Og at han gav meg akkurat den maten eg trengde når eg var så trøytt at eg ikkje kunne gå eit steg lenger.

Jesu ord om Guds rikes såkorn gjer at eg kan møte framtida med håp, uansett pandemi og alt som er usikkert. Jesus ser oss alle. Med hjarta vendt mot Han, får det gode såkornet spire og vekse i oss. For Gud let dette skje ved sin Heilage Ande. Det underlege er at Jesus sjølv var som eit såkorn som måtte døy i jorda, men han stod opp og gjev oss sitt liv – med fellesskap og glede i Guds rike.

Harald Forland



Via INTERFLORA
formidlar vi blomstrar
i innland og utland.

Vi er fagutdanna og utfører alt
i binderi til fødsel, dåp,
konfirmasjon, bryllaup,
gebursdagar og gravferder -
og elles det du måtte ønskja.

Plantar òg på gravstader
i Fjell og Sund.

Opningstider:

Måndag-onsdag: 9.00-18.00
Torsdag-fredag: 9.00-20.00
Laurdag: 9.00-16.00

Tlf.: 56 33 90 13
Faks: 56 33 93 01

TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?

Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no



GRAVMONUMENTER

Egil Fosse

Kvile 17A

5379 Steinsland

Tlf.: 56332166 Mob.: 90669191

NAVNETILFØYELSER - OPPUSSING - REPR. FOR



KJØL STENINDUSTRI AS

6490 EIDE

Døypte

- 28.11 Sund kyrkje**
Ava Grøhn
Ane Othilie Hufthammer
12.12 Sund kyrkje
Oskar Leander Johnsen Isaksen
Magnus Thompson
19.12 Kausland kyrkje
Petra Nordvik Hollup
Mille Pedersen
16.01 Kausland kyrkje
Vetle Telle-Lokøy
30.01 Kausland kyrkje
Sarah Nikoline Nautnes
Liam Stefan Schurmeyer

Gravlagde

- 07.12 Kausland kyrkje**
Nils Ansgar Tofterå, f. 1943
14.12 Sund kyrkje
Terje Edvin Engelsen, f. 1956
(bisetjing)
21.12 Kausland kyrkje
Astrid Karia Viksøy, f. 1921
21.12 Sund kyrkje
Magnus Kåre Vindenes, f. 1952
23.12 Kausland kyrkje
Einar Olai Golten, f. 1934
11.01 Sund kyrkje
Arnhild Martha Oftedal, f. 1933
13.01 Sund kyrkje
Marie Johanna Skoge, f. 1921

Frivilligfest

Det blir laga til fest for alle dei frivillige
i kyrkjelyden i Sund sokn
onsdag 1. juni kl. 18.00
i Sund kyrkje

PRESTETENESTA I SUND

Kontakt med prest måndag – fredag kl 10.00 – 14.00: **400 03 316**

Samtale og sjælesorg

Presten er glad for å bli kontaktat for samtale. Det kan opplevast som ein høg terskel å ta kontakt, men det er berre å ta mot til seg og slå eit telefonnummer for å avtale tid og treffested! Han har teieplikt om det som vert delt. Samtale/sjælesorg kan òg føre til skriftemål.

Det er òg ei prioritert oppgåve å gå med nattverd til dei som ikkje lenger kjem seg til kyrkje. Ver frimodig og ta kontakt!

Ynskje om dåp

Kyrkjemotoret får ikkje lenger tilsendt fødselsmeldingar frå Folkeregisteret når medlemer i kyrkja har fått barn. Foreldre må difor sjølv ta kontakt og be om aktuelle datoar der det er gudstenester med høve for dåp. Ver ute i god tid! Alle som ber om dåp for barnet sitt, vert inviterte til ei felles dåpsamtale i Sund kyrkje eller Kausland kyrkje, alt etter kva for ei kyrkje ein «soknar til».

Også unge eller vaksne kan be om dåp. Då vert det individuelle samtalar med opplæring. For unge som ikkje er døypte, vert konfirmasjonsførebuinga som eit opplæringsprogram som òg vert førebuing til dåpsdagen.



DEN NORSKE KYRKJA

Sund sokn

Telefon sentralbord: 400 03 316

Post- og besøksadresse:

Øygarden kyrkjemotore
Tytebærbrekko 2
5353 Straume

Det er mogleg å gjere avtale om besøk på kyrkjemotoren i Sund.

Ekspedisjonstid:

Måndag - fredag kl. 10.00 - 14.00

E-post: post.oygarden@kyrkja.no

Nettside: www.kyrkja.no/oygarden

Her finn ein kontaktinformasjon til kyrkjestaben.

Soknepresten

Harald Forland 91777473

Vikar fram til påske

E-post: harald.forland@gmail.com

Soknerådet

Svein Marius Myklebust 95 88 61 56

soknerådsleiar

E-post: svein.myklebust@danielsen-skoler.no

Givarteneste
Sund kyrkjelyd**Barne- og familiearbeidet**
Kyrkjelydsarbeidet

Kontonr.: 3628.50.65156

Merk kva formål gava er til.



DEN NORSKE KYRKJA

Sund Sokneblad

Utgjevar: Sund Sokneråd

Adresse: Tytebærbrekko 2,
5353 Straume
Konto: 1503.84.37590
Kontingent: 250 kr pr. år
Redigering: Olai Ottera

Redaksjon:
Olai Ottera 928 93 057
E-post: sund.sokneblad@outlook.com

Trykk:
Bodoni AS, Straume
Opplag: 3.950



Returadresse:
Sund Sokneblad,
Tytebærbrekko 2, 5353 Straume



Pernille Kleppe Petterson, Stine Pedersen Eken og Isabella Kvitle.

Konfirmantleirdagar på Fjell-ly

Årets konfirmantleir på Fjell-ly, som tradisjonen tru skulle gå av stabelen midt i januar, vart sterkt trua av det strenge smittevernet, men vi lét oss ikkje stoppa, og fann ein måte å ha leir saman trass i at sjølve overnattinga diverre ikkje lét seg gjera.

I staden delte vi gjengen i fire grupper som kom til Fjell-ly på 5-timars leir, fredag kveld, laurdag føremiddag og på kvelden og søndag føremiddag. Timane vart fylte med kanon leirstemning – JESUS!! , forrykande stolleik, tur ut i ruskevåret, bedehus-jakt på Møvik, tacooo!! bordtennis og biljard, volleyballturnering, kiosk, Barabbas (mordaren som gjekk fri fordi Jesus vart krossfest i staden), Boost, synging frå hjartet!

På søndag var alle konfirmantane med på kveldsgudstenesta i Sund kyrkje, der dei tok imot alle som kom, med velkomst og utdeling av program, leia kyrkjelyden i bøn, las bibeltekstar og tende lys.

Konfirmantane er ein herleg gjeng, og dei gjorde at vi fekk eit godt og positivt miljø dei timane vi fekk vera saman.

Dag Reidmar Pettersen
Kyrkjelydpedagog



Isabell Haugetun Telle, Dag Reidmar Pettersen og Alva Sofie Kausland.

Ny kristen nyhendeportalen

Med ei ny nettplattform ynskjer Christian Network Europe å tilby nyhende for og om kristne på det europeiske kontinentet.

Christian Network Europe (CNE) er ein nylansert uavhengig kanal knytta til Erdee Media Groep og den nederlandske kristne avisa Reformatorisch Dagblad.

Nyhendeportalen CNE.news ønsker både å hjelpe ikkje-truande med å forstå kva som motiverer kristne og har som mål å kopla kristne over heile det europeiske kontinentet, skriv dei i ei pressemelding.

– Dei deler dei same verdiane, men kjenner ikkje kvarandre sine historier veldig godt. Påliteleg informasjon vil hjelpe folk til å få eit meir fullverdig bilde av kvarandre, seier sjefredaktør i CNE, Evert van Vlastuin.

CNE vil ifølgje pressemeldinga òg nokon gonger avsløra korleis europeiske kristne er forskjellige.

– I Vest-Europa er det ein tendens til ytterlegare sekularisering. I aust-EU ser det nokre gonger ut til å vera ein bevegelse i motsett retning. Dette skuldast delvis rolla til kristendommen i samfunnet. Påliteleg informasjon kan hjelpe oss å forstå kvarandre betre og dermed forhindra at aust og vest veks frå kvarandre. Vi vil gjerne bidra til den samhøyringa, seier sjefredaktøren.

Sjølv om den nye portalen brukar engelsk som språk vil dei bevisst ikkje fokusera på dei engelsktalande landa, men på det kontinentale Europa.

– Det eksisterer eit informasjonsgap som vi er ivrige etter å fylla, seier Van Vlastuin.

Ingunn Marie Ruud, KPK

Neste utgåve av **Sund Sokneblad** kjem omlag 6. april

Stoff til bladet må vera i redaksjonen seinast 23. mars